

del 142

Kultur- og kirkeopp.	
FI	
Saksnr. 20060549/	Dato 30.11.06
Kode Ki-531	Ref.



Kultur- og kirkedepartementet  
Postboks 8030 Dep,

0030 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:  
06/00414-3

Sakshandsamar:  
,

Arkivkode:  
020

Dato:  
29.11.2006

## Melding om vedtak

Vedlagt følger utskrift av sak PS 051/06 – Høyring – NOU 2006:2 Staten og Den Norske Kyrkja – handsama i Fitjar kommunestyre 15.11.2006.

Med helsing

*Kristin Meland*  
KRISTIN MELAND



## MØTEBOK

### Høring - NOU 2006:2 Staten og Den norske kyrkja

Utval sak	Utval	Møtedato
065/06	Formannskapet	25.10.06
051/06	Kommunestyret	15.11.06

#### Vedlegg:

- Høyrings skjema med avkryssingar og kommentarar, innstillinga frå administrasjonen til formannskapet og innstilling frå formannskapet til kommunestyret.
- Høyringsbrev av 24.4.2006 frå Kultur- og Kirke departementet.
- Opptrykt samandrag av kap. 2 i NOU 2006:2 ligg ved.

#### Dokument i saka:

Ikkje utsendt vedlegg: Heile utgreiinga NOU:2006:2 er tilgjengeleg på internett ODIN (<http://www.dep.no/kkd/norsk/dok/hoering/bn.html>)

#### Samandrag:

Saka gjeld uttale til utgreiinga som ligg til grunn for det vidare arbeidet vedk. det framtidige tilhøvet mellom Staten og Den Norske Kyrkja (DNK). Føremålet med utgreiingsarbeidet er å skaffa grunnlag for å ta avgjerd i om statskyrkjeordninga skal vidareførast, reformerast eller endrast.

#### Saksopplysningar:

Departementet ber om at høyringsinstansane nyttar høyrings skjemaet som er utarbeidd til føremålet, men ein kan sjølvsagt velja å gje ein meir fyldig uttale i tillegg til det. Høyringsfrist er 1. desember 2006.

Vedlagte samandrag av kapittel 2 i utgreiinga, fortel om utvalet sine standpunkt til dei ulike tema som er omhandla. Dette, saman med opplysningar som er tilgjengelege på departementet sine nettsider, inneheld grunnlag/saksopplysningar og vurderingar som er nødvendig for å kunna gje høyringsuttale.

#### Vurdering:

Det er naturleg at ei sak som denne er mest mogeleg open når ho vert lagt fram til politisk handsaming. Rådmannen si tilråding vil primært bestå av utfylt høyrings skjema, og så får ein ta debatten vidare derifrå. Eg vil likevel koma med nokre prinsipielle tankar som dannar bakgrunn for dei avkryssingar som er gjort i skjemaet:

- Livssyn og religiøs tilknytning påverkar menneska sine tankar, kjensler, oppførsel og val/prioriteringar. I planlegging av samfunnsutviklinga er det difor viktig å ta omsyn til m.a. livssyn og religion. Spørsmålet vil då m.a. vera – kva verdiar ynskjer me å byggja samfunnet vårt på i framtida, og korleis kan me best gjera det?
- Kristendommen har vore den dominerande religionen og verdibasen i Noreg dei siste 1000 år. Dette har kome til uttrykk på ymse vise gjennom lovgjevinga, og gjennom

den plass kristedomsopplæring og kyrkje har i det norske samfunn. Av dei ca. 4,3 mill. nordmenn som er registrerte i ulike religions- eller livssynssamfunn, er ca. 4,1 mill. knytt til kristne samfunn, og av dette er i underkant av 3.950.00 knytt til den evangelisk-lutherske kyrkja. Dette fortel noko om at eit stort fleirtal i det norske folk ynskjer at kristendommen skal bety mykje i samfunnet vårt. Ynskjer ein å sikra ei slik særstilling i framtida, må det gjerast gjennom lovgjevinga. Dette må i så fall ikkje vera til hinder for at alle i Noreg må ha høve til å ha sitt livssyn og utøva sin religion innanfor ramma av norske lover utan å bli diskriminerte på noko vis.

- For alle som står i DNK, fungerer ho som ei offentleg "tenesteytar" med ansvar for registrering og seremoniar knytt til dåp, dåpsopplæring, konfirmasjon, ekteskapsinngåing, gravferd m.m.. I tillegg er kyrkja på mange vis ein viktig verdi- og kulturberar knytt til m.a. markeringar av høgtidsdagar, helgedagar, spesielle hendingar, skaping og framføring av kunst osb. Prestane og kyrkjeleg personale elles er for mange ein viktig støttespelar og fagressurs i ulike livsfasar. Ein veit også at kyrkjeoppmøtet på "ordinære preikesøndagar" er svært lågt i høve til den store medlemsmassen. Eg vil ikkje filosofera over årsakene til dette, men det fortel om eit stort behov for å vitalisera Den Norske Kyrkja. Vitalisering kan ein oppnå m.a. gjennom ansvarleggjing, og då kan det å "vera herre i eige hus" vera eit viktig element. (Tilsetjingar, økonomi, organisering).
- Å ha ansvar for finansiering av eiga drift, kan vera vitaliserande. På den andre sida er det slik at dersom ein ynskjer at DNK kyrkje skal ha ei særstilling i samfunnet, så må det også gjenspeglja seg i finansieringsordninga. Medlemsavgift kan eg vanskeleg sjå er noko enkelt gjennomførbart alternativ. Det krev mykje administrasjon, og reiser fleire spørsmål. Kva med dei som står som medlem i kyrkja men ikkje betalar ?. Går det i det heile an å leva med ein så "uforutsigbar" økonomi med dei oppgåver ein ser for seg at ei kyrkje skal ivareta ? Etter mi vurdering må basisdrifta finansierast med direkte løyvingar frå det offentlege, og så kan aktivitet utover det finansierast gjennom at kyrkja sjølv framskaffar lokale midlar. Dette skjer delvis også i dag gjennom frivillige bidrag frå enkeltpersonar, næringsliv, kommunar m.fl.
- I og med at gravplassane vert nytta av alle uansett livssyn og trudomssamfunn, er det i utgangspunktet naturleg at dette er eit kommunalt, og ikkje eit særskilt kyrkjeleg ansvar. Lova bør likevel utformast slik at ho opnar for lokale praktiske samarbeidsløysingar.
- Bygging, drift og vedlikehald av kyrkjelege bygg er eit kommunalt ansvar, og Staten kan også påleggja kommunane å stilla bustad til rådvelde for presten. Med utgangspunkt i prinsippet om at kyrkja i større grad bør få "vera herre i eige hus", vil det vera naturleg at Staten overtek finansiering av alle bygg og eigedommar knytt til kyrkja, basert på tilskotsordningar som sikrar ei rettferdig fordeling med basis i objektive kriterier. Når eigedomsretten til kyrkjeleg eigedom skal vurderast i høve til event. ny kyrkjeordning, bør ein samstundes vurdere oppheving av prestane si "buplikt".

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til svara på høyrings skjemaet.

### **Behandling i Formannskapet 25.10.2006:**

Ordførar orienterte i møtet.

Formannskapet gjekk gjennom spørjeskjemaet og kom med slik tilråding til kommunestyret:

Spørsmål 1 pkt. a - vedteke mot 1 røyst.

Spørsmål 1 pkt. b - samrøystes vedteke

Spørsmål 2 – mot 1 røyst  
Spørsmål 3 – mot 1 røyst  
Spørsmål 3 – mot 1 røyst  
Spørsmål 4 – samrøystes vedteke  
Spørsmål 5 – mot 1 røyst – tekstfeltet går ut  
Spørsmål 6 – samrøystes vedteke  
Spørsmål 7 – mot 2 røyster  
Spørsmål 8 – samrøystes vedteke

#### **Tilråding i Formannskapet 25.10.2006 :**

Kommunestyret sluttar seg til svara på høyrings skjemaet.

#### **Behandling i Kommunestyret 15.11.2006:**

**Representanten Harald Rydland (KrF)** kom med slikt framlegg til tilleggspunkt.

Uavhengig om det i framtida vert den lokale kyrkja, kommunen, staten eller andre som får ansvar for kyrkjebygga, må staten ha ansvar for å ta vare på kyrkjebygg som er freda eller verneverdige.

**Representanten Svein Nøttveit (KrF)** ba om gruppemøte.

Møte vart heva i 10 min for gruppemøte.

#### **Røysting:**

17 røysteføre.

Spørsmål 1 pkt. a - Framlegg frå formannskapet – 13 røyster.

Krf sette fram framlegget frå administrasjonen til formannskapet.  
Framlegget fekk 4 røyster.

Spørsmål 1 pkt. b – Samrøystes vedteke

Spørsmål 2 – "Bør fortsette" - 11 røyster

"Bør avvikles" - 6 røyster

Spørsmål 3 – "Grunnloven" - 13 røyster

"Egen kirkelov vedtatt av Stortinget" - 4 røyster

Spørsmål 4 – "Offentlig finansiering utan medlemsavgift" – Samrøystes vedteke

Spørsmål 5 – "Valgordningene bør være som i dag" – 11 røyster

"Auke bruken av direkte valg til kirkens besluttsende organer" – 6 røyster

Spørsmål 6 – "Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget" – samrøystes

"At Den norske kyrkje er en evangelisk-luthersk kyrkje" – samrøystes

Spørsmål 7 – "Den lokale kyrkje (menighetsråd eller kirkelig fellesråd) – 8 røyster

"Kommunen" – 9 røyster

Spørsmål 8 – "Den lokale kyrkje bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret" –  
4 røyster

"Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret" -  
13 røyster.

Ved røysting over tilleggspunkt frå representanten Harald Rydland vart dette samrøystes vedteke og det ligg føre slikt;

#### **Vedtak i Kommunestyret 15.11.2006 :**

Spørsmål 1 pkt. a - Den Norske Kyrkje skal framleis være ei folkekirke.  
Særstillinga skal ivaretaast gjennom grunnlova.

Spørsmål 1 pkt. b – Prinsippet om at alle i Noreg skal ha rett til å ha sitt eige livssyn, og til å utføra sine eigen religion, innanfor ramma av norsk lov, må ivaretakast.

Spørsmål 2 – "Bør fortsette"

Spørsmål 3 – "Grunnloven"

Spørsmål 4 – "Offentlig finansiering utan medlemsavgift",

Spørsmål 5 – "Valgordningene bør være som i dag"

Spørsmål 6 – "Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget",


"At Den norske kyrkje er en evangelisk-luthersk kyrkje"

Spørsmål 7 – "Kommunen"

Spørsmål 8 – "Den lokale kyrkje bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret"

"Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret"

Uavhengig om det i framtida vert den lokale kyrkja, kommunen, staten eller andre som får ansvar for kyrkjebygga, må staten ha ansvar for å ta vare på kyrkjebygg som er freda eller verneverdige.



Atle Tørnes  
Rådmann

Utskift sendt:  
Kultur- og kirke departementet